



# Forprosjekt

**Bykle Idrettslag**

**Utkast til:**

**Fleir brukshall  
med padel og  
allaktivitet**

Utarbeidd av:  
**Plankontoret Hallvard Homme AS**  
i samarbeid med **Bykle IL v/Olav Mandt**

**9. des. 2022**  
**P-3038**

## Fyreord

I årsmøtet 2021 i Bykle Idrettslag vart det tatt opp spørsmålet om å byggje ein padelhall i kyrkjebygdi.

Av styret fekk styreleiar Olav Mandt i oppgåve å sjå nærmare på dette initiativet. Etter ei vurdering av aktuelle lokasjonar for ein slik hall tok han kontakt med Hallvard Homme i Plankontoret Hallvard Homme AS. 3 aktuelle plassar sentralt i Bykle vart peika ut:

- Grønemyr, heilt nord i Byklebygda
- Industriområdet, Nedre Sarv
- Idrottsanlegget, Nedre Sarv

På ettervinteren 2022 vart det lagt fram for årsmøtet eit skisseprosjekt der ein gjekk inn for plassering i Nedre Sarv. Aktuell plass er oppteken til lager og mekkeplass for mc og treffplass for ungdomar.

Årsmøtet slutta seg til denne lokaliseringa, og samstundes vart det gjeve i oppdrag å lage eit Forprosjekt med kostnadsoverslag for ein Fleirbruks Hall i Bykle, der mange slag dagsaktuelle aktivitetar skulle gjevast rom for, eit **fleirbruksbygg** med eit allsidig tilbod for barn, unge og vaksne.

**Eit klart mål har vore å skape ein sosial møteplass med tilbod for breie interesser i alle aldrar, og spesielt for barn og ungdom.**

Forprosjektet som her vert presentert i dette dokumentet svarar godt på denne oppgåva. Underveis i arbeidet har det kome fram ynskje og idéar som har utkrystallisert minst desse aktivitetane:

- Padeltennis
- Golfsimulator
- Skytesimulator
- Styrkjetreningsrom
- Spinning
- Kliving/«bouldring»
- Scateboard
- Klubbrom
- Aktivitetssal for: bordtennis, e-sport, m.m., kiosk, sosial møteplass

Under arbeidet har det vore kontakt med kommunens politiske leiing (ordførar) og den administrative leiinga i planavdelinga. Gjennom dette arbeidet er tomte-

plasseringa reguleringsmessig avklara. Vidare er prosjektet løfta opp vesentleg ved at det er signalert at kommunen vil prøve å stille i spleiselaget med eit monaleg innskot til ein totalsum på om lag 47 mill. kroner. Valle Sparebank har og signalert at det er aktuelt med eit finansielt engasjement. Ein kan få spelemidlar til mange forskjellige aktivitetar. Men dette set krav til bl.a. golvareal og takhøgder. Dette er lagt inn i forprosjektet for å oppnå maksimalt med spelemidlar.

Med dette legg me fram dette Forprosjektet i den klåre forvissing om at prosjekt vil tene kommunens innbyggjarar generelt, og busette i Bykle kyrkjebygd spesielt. Reiselivet vil også nyta godt av alt det som eit slikt anlegg kan tilby dei som oppheld seg i Bykle i ferietid. Prosjektet har høg samfunnsverdi, og vil skåre høgt på Folkehelsebarometeret.

Bygget vil kunne verte eit signalbygg, i dobbel forstand: lokaliseringa vil gjera fleirbrukshuset eksponert på ein god måte mot all trafikk på Rv9, og med det vera ei attraksjonskraft i seg sjølv. Dernest vil bygget kunne verte eit godt døme på framtidsretta og berekraftig utforming, bruk av materialar og energiløysingar, eit bygg som folk vil valfarta til. Og slike signalbygg treng regionen.

Me takkar for oppdraget og den tillit som er vist oss.

Olav Mandt

Hallvard Homme

## **INNHOLD**

### **FØREORD**

1	INNLEIING.....	4
2	TOMTEVAL OG TILKOMST .....	4
3	REGULERINGSFØRESETNADAR .....	6
4	ROMPROGRAM.....	8
5	BYGNINGSUTFORMING og PLANLØYSING .....	11
6	TEKNISKE FAG, BYGNING.....	19
7	INNHOLD I BYGGET, TEKNISKE INNRETNINGAR.....	21
8	KOSTNADSOVERSLAG .....	24
9	FRAMDRIFTSPLAN.....	26
10	ORGANISERING, FINANSIERING OG DRIFTSPLAN.....	25
11	VEDLEGG .....	27

## 1 INNLEIING

Bykle IL har vendt seg til Plankontoret Hallvard Homme AS med spørsmål om hjelp til å lage eit Forprosjekt med kostnadsoverslag for ny Fleirbrukskall i Bykle.

Utgangspunktet for forprosjektet er etterspurnad etter aktivitetsanlegg i Byklebygdi med eit allsidig tilbod for barn, unge og vaksne og vedtak på årsmøtet i Bykle IL i 2021 og 2022 om at styret skal arbeide med planar for dette.

Forprosjektet har lagt inn aktuelle innandørs aktivitetar der Padelbane og Golfsimulator har vore spesielt etterspurt. Det har også kome fram behov for større plass til spinning og styrkerom enn det ein i dag har i Samfunnshuset.

**Eit klart mål er å skape ein sosial møteplass med tilbod for breie interesser i alle aldrar, og spesielt for barn og ungdom.**

Ein kan få spelemedilar til mange forskjellige aktivitetar. Men dette set krav til bl.a. golvareal og takhøgder. Dette er lagt inn i forprosjektet for å oppnå maksimalt med spelemedilar.

## 2 TOMTEVAL OG TILKOMST

Når det gjeld plassering gjekk ein breitt ut og vurderte fleire alternativ, bl.a. industriområdet og Grønemyr. Men konklusjonen vart at sørrenden av Idretts-banen er ei sentral plassering for samling av aktivitetar.

Her ligg Bykle IL sitt nye klubhus/lager, Bykle kommune sitt gamle drifts-bygg som no er nytta til klubblokale og MC-lager, samt Ballbinge.

Avhengig av byggform og plassering må ein i alle alternativ rive det gamle driftsbygget. Ballbingen går truleg også med og kan flyttast. Ny hall er tenkt lagt inntil Bykle IL sitt klubhus, med fysisk samankoppling.

Tilkomst til Nedre Sarv 26 (BIL sitt klubhus) og 28 (kommunen sitt gamle driftsbygg) er i dag gjennom byggjefeltet. Ein Fleirbrukskall vil gjeva auka trafikk. Vegar i byggjefeltet er smale og har fleire stader därleg sikt. Spesielt om vinteren med høge brøtekantar opplevast dette som svært usikkert.

For å ivaretake trafikktryggleiken har ein difor prosjektert tilkomst med ny vegløysing frå bensinstasjons-området. Stiging er vurdert til å koma tolleg greitt innafor vegnormalen til Bykle kommune, 8-10 %.

Det er også lagt vekt på å skipe til god tilkomst for gåande/syklande frå Rådhuset/Samfunnshuset fram til nord- og vestsida av nybygget.



5



*Figur 1,2,3 – Nedre Sarv 26 og 28 med Ballbinge*

### 3 REGULERINGSFØRESETNADAR

Ulike område er i forprosjektfasen vurderte:


- a) Grønemyr
- b) Industriområdet
- c) Idrettsbanen

Forslagsstillaane har landa på eit høveleg område inntil idrettsbanen. Grunnane til det er fleire:

- 1) Sentral plassering i tilknyting til andre idretts- og kulturaktivitetar
- 2) Arealet er i kommunal eige
- 3) Gode kommunikasjonslinjer, frå Rv9 og interne gang- og bilvegar
- 4) Eit framtidsretta bygg vil kunne verte eit landemerke tett på Rv9

6

Det er utarbeidd reguleringsplan for området:



Figur 4: Reguleringsplan for området

Føresegner til reguleringsplanen:

2.10

**Bensinstasjon/vegserviceanlegg, ABS\_1**

Før utbygging av området skal det føreligge detaljregulering for hele området avmerka på planen (H810\_1). Se føresegna punkt 7.4.

2.11

**Idrettsanlegg, AIA\_1-7**

2.11.1

**AIA\_2**

2.11.1.1

Områda kan nyttast til utandørs idrettsanlegg, herunder fotballbane, ballbinge, skatepark, sandvolley eller liknande.

2.11.1.2

Området skal være offentlig eigm.

7

Når det gjeld arealdisponeringa er reguleringsspørsmålet teke opp med planavdelinga og det har kome slik uttale:

----- *I høve regulering burde det vere relativt enkelt å få dette til med «mindre reguleringsendring». Vi såg litt på planlagt tilkomst frå YX og at denne kanskje blir vel bratt- mulig den bør ha ei sløyfe for å komme innafør vegnormen?*

*Vi snakka og litt på plassering og forstår at det er ønskeleg å ligge synleg til riksvegen. Er det også tanken med litt kommersiell drift – så bør kanskje reguleringsa justerast i høve dette. Likeins såg vi på Nedre Sarvsvegen som lokal tilkomst/ mjuke trafikantar om ein må sjå på litt tiltak dersom det er snø og brøytekantar. Det er vel og ein fordel å sambruke parkeringane ved skulen for å avgrense behovet for eigen parkering ved fleirbruksallen? -----*

----- *SGS 1 – samanbindinga av gs-veg kan sikkert takst i vare og samordnast med ny tilkomst. De er sikkert merksame på at GF17 per no er avsett til friområde. Dersom bebyggelsen treff dette må ein sikre at ev reguleringsendring ivaretak noko tilsvarande – og/eller at ein skildrar uteområda - at ein omtalar ballbingen og kvifor denne kan utgå. God grunngjeving er viktig m.o.t. Konsekvensutgreiingsforskrifta , - dersom ein omdisponerer friområde og skal unngå krav om KU. Vi gjer og merksam på at det ligg VA-nett og fiber gjennom området som ein må ta høgde for i prosjekteringen.*

Når det gjeld sikring av tomta til dette føremålet trengst det ei enkel omregulering («mindre endring»), jfr. Pbl § 12-14. Slik prosess må startast opp så snart det ligg føre vedtak i styret i BIL. Det må i den samanheng avklarast kven som skal betala kostnaden som er forbunde med slik planprosess, og kven som skal initiere den.

I kostnadsoppstillinga under kap. 8 er ikkje den kostnaden tatt med.

## 4 ROMPROGRAM

I arbeidet med å klarlegge kva for aktivitetar som det er ynskjeleg å sam-lokalisere i denne storstoga i Bykle Kyrkjebygd har ein gått breitt ut og vore i kontakt med mange som driv aktivitetar, både lokalt i bygda og i heile kommunen. Også næringslivet innan turisme er kontakta. På bakgrunn av desse innspela er aktivitetane samanstilte og høve til sambruk og felles-tjenester. I dette arbeidet har det kome opp areal- og rombehov i samsvar med tabellen nedanfor. I arealprogrammet er det også teke omsyn til minimumsareala som vilkåra for tildeling av spelemedialar set. På den bakgrunn har ein kome fram til desse aktivitetane og arealet:

<b>Pos</b>	<b>Romprogram</b>		<b>For spelemedialar</b>		<b>Merknad</b>
	<b>Aktivitet</b>	<b>Brutto areal m<sup>2</sup></b>	<b>Min. Areal</b>	<b>Min. innv. høgde m</b>	
<b>Plan 1</b>					
1.1	Padeltennis hall	375			Spelemedialar
1.2	Teknisk rom	50	-		
1.3	Lager idrettsmatr.	60	50	2,5	
1.4	Skate anlegg, inne	110	-	-	Ikkje spelem.
1.5	Buldreanlegg	60	50	3,5	50 m <sup>2</sup> klatreflate
1.6	Spinning/ styrke	150	120	3,5	
1.7	Garderobar/ toalett	60	50	2,5	
1.8	Resepsjon, gang, trapp, heis	<u>90</u>	-		
<b>SUM plan 1</b>		<b>Ca 955</b>			
<b>Plan 2</b>					
2.1	Padelbane	-			
2.2	*Aktivitetssal Fleirbruksflater	190			Bordtennis, biljard div. spel etc.
2.3	*Golfimulator	40	-		Definerast som del av aktivitetssal.
2.4	*Skytesimulator	30	-		«
2.5	Klubblokale, sosial aktivitet	100	50/ 100		I idretts/spesial- hall, treffstad
2.6	Teknisk rom	40	-		
2.7	Lager	20	-		
2.8	*Over Buldreanlegg	60			«
2.9	Gang, trapp, heis, WC	<u>100</u>			
2.10	<b>*Sum aktivitetssal</b>	<b>320</b>	150/ 250	4	Inkl Golf og skyting
<b>SUM golvareal plan 2</b>		<b>Ca 580</b>			

Figur 5: Tabell - romprogram

**Buldreanlegg** (Klatreanlegg der ein ikkje treng vakt/sikring). Maks. H=4,5m.



9

*Jørpeland buldrenlegg*



Figur 5 og 6: Frå Volda Buldreaslegg

## 5 BYGNINGSUTFORMING og PLANLØYSING

### 5.1 GENERELT

Området som nybygget skal plasserast i ligg eksponert til ut mot Rv9 og bustadfeltet Nedre Sarv. Det vil vera viktig å ha god formgjeving som byggjer på den bygningsmassen som ligg i nabolaget og signaliserer av bygget står i Bykle. Utforming og materialbruk må også svare på kva vår tid har omsut for når det gjeld materialbruk og energibruk.



11

Fig. 7: Bilete frå Rv9 ved Y/X-stasjonen



Fig. 8: Bilete frå Rv9 mot vest, eksisterande driftsbygning som skal fjernast



12

Figur 10 og 11: Perspektiv





13

Figur 12 og 13: Perspektiv



## 5.2 FORM OG MATERIALBRUK

Det må vera eit mål å vidareføre utforming og materialbruk i eksisterande bygg, med dagsaktuelle tilpassingar. Det er vektlagt at bygget skal gjeve eit positivt bidrag til området og ikkje bryte på uheldig måte med den byggjemåten som pregar kraftbygd Bykle.

Berekraft har vore stikkord i denne vurderinga. Likeins har energibruk vore tema.

Me dette som bakgrunn har ein kome til at det er ynskjeleg at nybygget bør setjast opp i massivtre, med dei tilpassingar som skal til i høve til klima i Bykle. På same tid vil det vera aktuelt å ha eit sideblikk også på andre systemløysingar. I programskissene er det vist pulttak som alternativ til saltak, og grunnen til det er at eit slikt tak vil ruve noko mindre i synsranda for bakanforliggjande busetnad.

### 5.3 ALTERNATIVE UTFORMINGAR

I arbeidet med forprosjektet er det utgreidd 3 løysingar, som alle har same innhald, men funksjonane er organisert inn i bygningskroppen på ulik måte. Alle plasseringane medfører at eksisterande bygg, eit avdanka kommunalt driftsbygg som i dag fungerer som klubblokale for idrettslaget og ein mc-klubb. Ballbingen må au flyttast og kan få etterbruk ein annan plass inntil fotballbanen, lokalisering kan avklarast i ei reguleringsendring.

#### 5.3.1 Alternativ 1 «Vinkelbygget»:

Skisseprosjektet legg til grunn at bygningsmassen vert delt i 2 kroppar, der padelhallen utgjer ein del på 15x25m i 9-10m høgde, og aktivitets- og sosialdelen utgjer eit «trekanta» tilbygg med mindre takhøgde, likevel høgt nok til å gjeve rom i 2. høgda til aktivitetar/forsamling.



Aktivitetsbygget har bygningskropp med sideveggar med lengder på ca. 30-30-35 m og er i 2 høgder.



14

Hallen oppdelt i 2 bygningar

Situasjonsplan



Planteikningar: på bakkeplan

overetasje



### 5.3.2 Alternativ 2 «Kubben1»:

Skisseprosjektet legg til grunn ein bygningskropp på 40x25 m, der padelaktiviteten utgjer 2 høgder (10m), medan aktivitets- og sosialdelen er i 2 høgder med møne-/gesimshøgde på 9m.


Nybygget skal koplast fysisk til nybygt lagerlokale tett inntil.

### Hallen snudd langs Rv9




15

Situasjonsplan



Planteikningar: på bakkeplan



overetasje



### 5.3.3 Alternativ 3 («Kubben2»):

Skisseprosjektet legg til grunn ein bygningskropp på 40x25 m, der padelaktiviteten utgjer 2 høgder (10m), medan aktivitets- og sosialdelen er i 2 høgder med møne-/gesimshøgde på 9m.


Nybygget skal koplast fysisk til nybygt lagerlokale tett inntil.

Hallen snudd tvers på  
Rv9




16

Situasjonsplan



Planteikningar: på bakkeplan



overetasje




## 5.4 TRAFIKKANLEGG, UTMOHUSANLEGG

### 5.4.1 Tilkomstar

Frå Rv9:


I innkøyringa til bensinstasjonen frå Rv9 er det meinings å regulere/opparbeide oppkøyring i kvalifisert stiging fram til tunet sør for nybygget. Her må det lagast fin støttemur av stablestein for å dempe ned inntrykket av terrenginngrepet. Er det fjell i dagen kan dette sprengjast som fin mur (pre-splitboring).



17

Kulverten skal forlengjast slik at uteområdet på sørsida av nybygget vert langt større.

Frå skule- og samfunnshusområdet:



 - Gang- og sykkelveg

For brukarar av det framtidige anlegget busette i Sarv, og dei som elles kjem gangangde/syklande frå Sarvsvegen/Jarevegen, vil det vera viktig å lage godt heilårleg samband fram til nybygget. **Dette må sikrast på god måte i ei reguleringsendring.**

## 5.5 ANNAN INFRASTRUKTUR

**Vassforsyning** og brannvatn er det god tilgang på via det kommunale nettet.

### **Avlaupsordning/overvatn**

Kloakkledning tangerar området og tilkoplingspunktet vil vera like nordaust for nybygget.

Overvatn kan leiaast til kulvert som også tangerer området, kan hende må den leggjast om litt, alt etter kva byggalternativ som vert valt. Kulverten har god kapasitet.

### **Vassboren varme, samarbeid med skulen/samfunnshuset**

Arbeidsgruppa har arbeidd med tanken på å nytta fleire energiformer til å drifta fleirbruksallen. En tenkjer seg at solkraft, bergvarme, elektrisk kraft/elektrokjele, gjerne i samarbeid med tilliggjande kommunale bygningar må vera svært aktuelle tema å greia ut i prosjekteringsfasen. Ved å knyte desse bygga saman med røyr for vassboren varme vil mange føremunrar kunne settast i system.

**Elkraft** er ført fram som lågspentanlegg frå nærliggjande felles trafo fram til hovudtavle sentralt i nabobygget (lageret). Denne tilførselen har nok ikkje kapasitet til å dekke nybygget. Høgspent kabel/nettstasjon ligg ikkje langt unna og det bør vera enkelt å sikre nyanlegget med tilstrekkeleg energi.

**Fiber og breiband** ligg i området, kan hende må denne kabelen leggast om litt. Nybygget treng fibertilgang til drift, og tilkoplinga må finne si løysing.

**Bergvarme** med varmepumpe (vatn/vatn) og opptil 5 borehol på ca. 300 m kvar, fordelt på eit areal på ca. 500-1.000 m<sup>2</sup>, vil det også vera aktuelt å vurdera i detaljprosjekteringa.

**Solkraft** frå solfangarar på eit tak på oppimot 1.000 m<sup>2</sup> vil også vera ei energikjelde som må utgreiaast i ei samla energiforsyning for nybygget. Målet bør vera å vera sjølvforsynt med energi.

## 6 TEKNISKE FAG, BYGNING

### 6.1 MATERIALBRUK OG BYGGJETEKNIKK

Viste tekniske løysingar på teikningsvedlegg skisserer opp konstruksjonssystem. I tilbods-/byggjefasen bør entreprenørar verte stilt fritt i val av byggjesystem, innafor gitte rammer. Snø- og vindlaster gjeldande i Bykle kommune skal etterlevast.

Utgangspunktet er at ein ynskjer at nybygget skal førast opp i **massivtre** etter kjende normer og retningslinjer. Ved seinare detaljprosjektering/pris-grunnlag for «Total-entreprise» vil det verte utarbeidd ytterlegare kravspesifikasjonar.



19



Bileta ovafor er eksempel frå fleirbrukskall i Fyresdal kommune, bygt i 2021.

### 6.2 VENTILASJON og VARME

**Ventilasjon, isolerte rom:** Det vert lagt opp til balansert ventilasjon med varmeattvinning i heile bygget.

I andre aktivitetsrom skal det også vera balansert ventilasjon, med eige aggregat, slik at drifta kan styrrast etter bruksfrekvens.

**Oppvarming:** Heile fleirbrukskallen vil verta oppvarma med hjelp av:

- El-kraft
- Solkraft
- Bergvarme

og styrrast frå ein varmesentral.

### **6.3 SANITÆR**

Toalett for HC ved innkomst samt garderobar med opptil 4 dusjar. Utviklinga har synt at brukarar i langt mindre grad brukar dusjanlegg. Aktive kjem ferdig kledd til aktiviteten og reiser heimatt til personleg hygiene i heimen. For langvegs farande er det aktuelt å ha nokre garderobe/dusjanlegg tilgjengeleg. Til større arrangement kan fasilitetar i kulturhuset 100-200 m unna nyttast.

### **6.4. MUSIKK OG LYDANLEGG**

Aktivitetar både i padelhall og i all-aktivitetsavdelinga føregår ofte i med-verknad av musikk og formidling. Lydanlegg må installerast i både avdelingane.

20

### **6.5. ANDRE ANLEGG, resepsjon/velkomst**

Brukarar skal når dei oppsøkjer anlegget verta møtt av personell, dugnads-basert eller tilsett, som kan instruere og rettleie. Padelhall bør kunna driftast etter eit digitalt bookingsystem, og vil med det trenge lite tilsyn. All elektronikk og styringssystem vert organisert frå resepsjonen, også lås-system. Internett-tilgang i huset vert viktig for mange aktivitetar. Slik tilgang, internt i huset og breibandtilgang, må sikrast.

### **6.6. UTOMHUSANLEGG**

**6.6.1 Parkmessig opparbeiding:** Området rundt nybygget må i ferdig stand framstå som eit godt opparbeidd uteområde, godt ihopspleisa til naturområdet i sør og vest, inntil fotballbanen og tilkomstområde frå Sarvsvegen. Tunet ved inngongspartiet i sør må gjerast romsamt og innbjodande.

**6.6.2 Bil- og sykkelparkering:** Brukarar som kjem til anlegget i bil via Rv9 må styrast til opparbeidd parkeringsplass sørvest for nybygget. Plassen bør dimensjonerast for min. 15-20 bilar. Ved større tilskipingar kan parkeringsplassar ved samfunnshuset og råd-huset nyttast. Heilsår gangveg derifrå fram til nybygget må regulerast og opparbeidast. For dei som vel å koma til aktivitetane med sykkel må det topparbeidast grei sykkelparkering med takoverbygg, nær inn til inngonga.

**6.6.3 El-billading:** Tilhøyrande parkeringsplass på sørvestsida av bygget må utbyggjast med ladestasjon tilpassa dagens og framtidas bilpark. El-kraftanlegg med nettstasjon må taka høgde for dette forbruket.

**6.6.4 Brann og redning:** Utomhusareala må regulerast og tilretteleggjast slik at brann- og redningsbilar kjem greitt innåt bygget på fleire kantar.

## **7 INNHOLD I BYGGET, TEKNISKE INNRETNINGAR**

### **På bakkeplan:**

#### **7.1 Padelbane**

Padelbanen er på 10 x 20m, med kunstgras underlag i farge blå eller grønn på min. 10cm betong til å skruve fast stolpar. Rundt banen er det 3 m høge glasveggar på langsider og 4m høgde på kortsider (10mm sikkerheitsglas). Det er ca. 2m passasje rundt banen for tilgang/røming og til å hente ballar. Banen er avdela av 3 mm tykt stålnett.

21

Spelast med tennis-racketer og tennis ball, for 2 eller 4 personar. Tilgang via elektronisk booking system og elektronisk lås system. Timepriser kan vera frå kr 200.- til kr 400.-.

#### **7.2 Tilkomst- resepsjon, heis/trapp og toalett**

Tilkomst/inngang frå 2 sider. Veg frå busslomme ved Y/X og frå Nedre Sarv. Også tilkomst langs idrettsbane frå skule og samfunnshus som brøytaast. Resepsjon/vaktrom ved inngang for vaktpersonell med styring av ljos, lås-system og tekniske installasjonar. Sal av diverse utstyr til padelbane, simulatorer etc. Sjå pkt. 7.13 om heis.

#### **7.3 Spinning og styrkjetreningsrom**

Spinningtilbod (ca. 50 m<sup>2</sup>) og styrkjerom (ca. 60 m<sup>2</sup>) finst i samfunnshuset. Spesielt styrkjerom er tront for det utstyret ein har og vanskeleggjer grei bruk. Blir lett kø. Utøvarane vurderer no om ein skal gå for både spinning og styrkje i nytt bygg eller berre ha spinning på eksisterande plass.

#### **7.4 Buldrevegg over 2 plan**

Buldreanlegg er klatreanlegg der ein ikkje treng vakt/sikring. Min. høgde 3.5 m for speleidilar. Maks. H=4,5m pga. sikkerheit. Polstra golvmatte med min T= 40cm.

Tenk buldrevegg er ca. 12 m lang. Her vil ein få plass til overheng på ein del av anlegget og ca. 300 klatrepunkt. Kravet er at det må vera minst 50 m<sup>2</sup> klatreflate.

Ein vurderer å senke golvet for å få større takhøgde i romet.

#### **7.5 Skatehall, med tilgang til uteplass**

Er førebels sett av plass til to skateramper innvendig. Ei på 9.9m x 3,6m med H på 1.8m/2.9m og ei mindre på 7m x 2.4m med H på 1.1 m.

Men ein har ikkje gått nærmare inn i kva som er mest aktuelt. Dette må gjerast ved detaljprosjektering. Og i den samanheng også vurdere utvendig skaterampe i tilknyting til dette. Ein vurderer å senke golvet for å få større takhøgde i romet.

## 7.6 Lager

Lager for div. idrettsmateriell, også for utleige og utsal. For eksempel for Padelbane og simulatorar.

Kanskje vil det vera aktuelt å montere inn skåp til utleige for brukarar av Padel, Golf- og Skjote-simulator.

## 7.7 Teknisk rom

Teknisk rom for elektro- og VA-installasjonar (varmesentral).

22

## **I overetasje:**

### 7.8 Klubblokale

Sosial samlings-/ og møteplass før og etter forskjellige aktivitetar. Kjøkkendel for kaffi og vaflar. Utsal av forfriskingar. Storskjerm for framsyning av f. eks. sportsarrangement. Aktuell møteplass for lag og foreiningar. Frivilligcentral kan og tenkast innlosjert her.

### 7.9 Aktivitetssal (bordtennis, e-sport, div. spel)

Aktivitetssal for fleire typar aktivitetar som bordtennis, biljard, e-sport, diverse spel og simulatorar. Her er det krav om min. 4m under taket og idrettsdekket må tilfredsstille idrettens behov.

Med golfsimulator ( $40\text{ m}^2$ ) og skjotesimulator ( $40\text{ m}^2$ ) er samla areal ca.  $320\text{ m}^2$ . Fleksibel for å endre bruk avhengig av interesse.

### 7.10 Skjotesimulator

Skjotesimulator plasserast i Aktivitetssal. Desse kan ein få i forskjellige utgåver. Utstyr er prosjektor og lerret (kan gjeve 6m bilet på 4.5m avstand). Anlegget styrast av PC med forskjellige simulatorprogram. Kan ha IR-replika for rifle, hagle eller handvåpen (Glock-replika). Ein kan også nytte eigne våpen med kaliber-adaptar og tilhøyrande laserpatron-einheit.

Nytt utstyr kan koste rundt kr 200.000–250.000. Kan også bruke leasing. Bør ha skåp for oppbevaring/ utleige av utstyr.

**Brukarprisar:** for eksempel kr 25.- pr skyteomgang (12-30 skot), kr 200.- pr kveld (100 skot +/-). Klyppeskart 10 kveldar kr. 1 500.-.

**Brukarinteresse:** aktuell for mange jegerar, jeger- og fiskeforeiningar, skyttarlag, pistolklubb, turistverksemder.

Her må det leggast opp til tett samarbeid med aktuelle lag og foreiningar ved-rørande investering og drift.

### 7.11 Golfsimulator

Golfsimulator plasserast i Aktivitetssal.

Utstyr er prosjektor og lerret på for eksempel B ca. 4m og H=3m, samt høghastigheits-kamera for registrering.

Optimal størrelse på rom kan vera 5.5m breidde, 7m djupne og 3,5m høgde.

Styrast av PC med mange banar innlagt, slik at ein kan velje banar. Bør ha skåp for utstyr (for eksempel til utleige).

**Svinganalyse.** På kvart slag kan du få info om blant anna:

- Køllehastigkeit
- Ballhastigkeit
- Svingspor
- Vinkel på køllehovud
- Distanse totalt
- Distanse i lufta (carry)
- Backspinn m.m.

Nye simulatorar med pris frå 350.000–600.000. Det er mest vanleg å lease slikt utstyr. Priseksempel leasing kr. 5 000 pr månad ved avtale over 5 år.

**Bruksprisar:** kr. 250 – 450 pr. time. Kr. 50 ekstra for kaffe inkl. (VIP)

**Brukarinteresse:** Medlemer i Hovden Golfklubb, av desse ein del i Valle og mange som har hytter på Hovden. Aktuelt også for turistverksemder. Her må det leggast opp til tett samarbeid med aktuelle lag og foreiningar vedrørande investering og drift.

### 7.12 Lager og teknisk utstyr

Lager for diverse idretts- og forbruksmateriell, til for eksempel kjøkken. Teknisk rom for elektro- og VA-installasjonar.

### 7.13 Toalett, trapp og heis

To toalett i andre høgda. Eitt med universell utforming og eit mindre. Heis for universell tilgang. L= 2.1 m og B= 1.1 m (innvendige mål).

## 8 KOSTNADSOVERSLAG

I dette kostnadsoppsettet er det lagt til grunn eit bygg oppsett i massivtre. Andre løysingar er vurdert, og prosjektgruppa har vurdert denne løysinga som den mest framtidsretta.

### 1 RIGG OG DRIFT

RIVING, EVT. ASBESTSANERING	KR.	250.'
VEKK-TRANSPORT AV BYGNINGSAVFALL	KR.	50.'
FLYTTING AV BALLBINGE	KR	100.'

24

### 2 BYGG OG ANLEGGSSARBEID

GRUNNARBEID	KR.	1 000.'
BETONG-, BYGNINGSSARBEID, TREARBEID	KR.	28 000.'
VENTILASJON	KR.	2 750.'
ELKRAFT, LJOSANLEGG	KR.	4 250.'
VARME- OG SANITÆRANLEGG	KR.	2 325.'
ANDRE INSTALLASJONAR, PADEL OG BULDREVEGG	KR.	1 145.'

**SUM 1-6 HUSKOSTNAD .....KR. 39 870.'**

### 7 UTANDØRSARBEID

- GRØNTANLEGG , VEG, PARKERING, KULVERT KR. 2 300.'

**SUM 1-7 ENTREPRISEKOSTNAD.....KR. 41 670.'**

### 8 GENERELLE KOSTNADER

- -PROSJEKTERING KR. 600.'
- -OPPFYLGJING KR. 400.'
- -ADMINISTRASJON KR. 300.' KR 1.300

**SUM 1-8 BYGGEKOSTNAD.....KR. 42 970.'**

9	ANDRE KOSTNADAR			
	-SOLCELLER/BERGVARME	KR.	2 500.'	
	-INVENTAR	KR.	<u>1 530.'</u>	KR. 4 030.'

**SUM 1-9 BUDSJETTPRIS ..... KR. 47 500 000.**

**Dette gjev ein m<sup>2</sup>-pris på golvplan-nivå på ca. kr. 25 000.-, inkl. mva.**

OMTRENTLEGE BYGGEKOSTNADAR FORDELTE PÅ AKTIVITETAR:

- PADEL (ca. 400 m <sup>2</sup> )	kr. 10 000.000
- ALLAKTIVITET (ca. 1.200 m <sup>2</sup> )	kr. 30 000.000
- ANNA, utomhus	kr. 5 000.000
- Solceller/bergvarme	kr. 2 500 000

Alle priser er medrekna MVA.

25

**AV TOTALSUMMEN ER DET PÅREKNELEG AT DETTE ER SPELEMIDLAR-KVALIFISERT:**

Forprosjekt	100 000
Tomt - pris	0
Regulering	0
Detaljprosjefting	500 000
Anbods prosess	200 000
Byggjeleiring	500 000
Uforutsett	
Opparbeiding tomt, ca 1 000 kvm	500 000
Bygg komplett massivtre (Smeland)	28 000 000
Elektro inkl brannmeldeanl	4 250 000
Ventilasjon	2 750 000
Varme anlegg, vassboren	1 450 000
Sanitær	875 000
Padelbane	575 000
Buldrevegg	570 000
<b>SUM - spillemiddel grlag (massivtre)</b>	<b>40 270 000</b>

#### AREAL- OG TOMTEMESSIG INFRASTRUKTUR FOR Å STILLE BYGGEKLAR TOMT:

- Omregulering
- Fjerning av eksisterande bygning
- Forlenging av kulvert/omlegging
- Utsjekk av kablar og VA-anlegg
- Tilførselsgang og bilparkering, gangstiar til skule-/rådhusområdet

## 9 FRAMDRIFTSPLAN

		2021-2022		2023		2024		2025	
NR	TILTAK								
<b>1</b>	SKISSEPROSJEKT	----							
<b>2</b>	FORPROSJEKT		-----						
<b>3</b>	FINANSIERING			-----					
<b>4</b>	HOVUDPROSJEKT			-----	X				
<b>5</b>	ANBODSRUNDE				-----				
<b>6</b>	KONTRAHERING				X				
<b>7</b>	BYGGJEARBEID					-----X-----		-----	
<b>8</b>	FERDIGSTILLING							--X	
<b>9</b>	INNFLYTTING								X

**MILEPÆLAR:**  
 UT PÅ ANBOD: OKTOBER 2023  
 BYGGJESTART: MAI 2024  
 TETT BYGG: 15. NOV. 2024  
 FERDIGLEVERING: MAI 2025  
 INNFLYTTING: 1. JUNI 2025

## 10 ORGANISERING, FINANSIERING OG DRIFTSPLAN

### 10.1 ORGANISERING

Eit fleirbruksanlegg av denne dimensjon, for så vidt gjeld volum, og kostnad og drift, vil vera aktuelt å gjennomføre innanfor eit organisert opplegg, frå start til ferdigstilling/drift. Ein tenkjer seg at fleire lokale aktørar er deltakarar.

Før det første vil det vera Bykle Idrettslag, som det mest aktive laget i bygda. Laget tilrettelegg i dag for organiserte fritidsaktivitetar og har 240 medlemer og ei årsomsetning på om lag 350.000 kroner.

For det andre vil det vera aktuelt å invitere lokalt næringsliv/reiseliv til eit spleiseland. Utan tvil vil dette huset verta eit aktivum for hotellet.

Otra Kraft/Agder Energi (no Å eitt ell anna) er ein stor arbeidsplass i bygda med mange tilsette og i slik samanheng er det viktig for ein arbeidsgjevar å vera oppteken av god folkehelse. Det må nemnast at tilsette i selskapet gjennom oppbygging av kraftanlegga, og seinare drift, har vore og er gode støttespelar i tilrettelegging av friluftsaktivitetar i laget/samfunnet sin regi.

Det same kan seiast om Bykle kommune som arbeidsgjevar, til liks med den store arbeidsgjevaren Bykle Vindu. Dette samfunnshus-prosjektet svarar ut for folkehelseomgrepene på ein framifrå god måte.

For det tredje vil staten, gjennom spelemidlar i tippesystemet, vera sjølvskriven bidragsytar, truleg med opptil 1/3. I det spleiselandet er også kommunen forplikta til å delta, og signal om bidrag frå den kanten er alt gjeve.

I eit prosjekt av dette omfang, med stor bygningsmasse, og mange integrerte anlegg/aktivitetar som utløser spelemidlar frå staten, vil ei naturleg organisering vera best gjennom eit forpliktande AS. Det er teke til orde for:

**«Bykle Fleirbrukskall AS».**

Høveleg aksjekapital vil vera 1 mill. kroner. Aktuelle aksjonærar vil kunne vera:

- *Bykle IL*
- *Hovden Golfklubb*
- *Bykle Hotell*
- *Andre private*
- *Valle Sparebank*
- *Bykle kommune*
- - *Evt. andre*

## 10.2 FINANSIERING

Fleirbrukskallen har, som det går fram av kap. 8, ei kostnadsramme på om lag 47 mill. kroner. På noverande stadium tenkjer ein seg denne finansielle løysinga for etableringa:

<b>Finansiering</b>	
Spillemidler, grunnlag, 33%	13 289 100
MVA	10 067 500
Bykle komme, spillemiddel gr. 33 %	13 289 100
BK - Opparbeide uteomr, veg og tomt	3 200 000
Energiløysing - Bykle komm. 50 %	1 250 000
<b>SUM spillemidler, MVA, tilskott</b>	<b>41 095 700</b>
Aksjekapital	1 000 000
Energiløysing - FL hall AS - lån 50 %	1 250 000
FL hall AS - lån	4 154 300
<b>SUM AS kapital og lån</b>	<b>6 404 300</b>
<b>SUM finansiering</b>	<b>47 500 000</b>
Bykle kommune - 1/3 + uteomr + energ	17 739 100
Fl. Hall AS - lån	5 404 300
<b>Finansiering byggperiode</b>	
Bykle kommune andel	17 739 100
Bykle kom. Forskottere spillemidler	13 289 100
Byggjelån (MVA)	10 067 500
Aksjekapital	1 000 000
FL Hall AS - Lån ( betalast av drift - 10	5 404 300
<b>SUM</b>	<b>47 500 000</b>

26

**Eit prosjekt med stål som berande konstruksjonar vil kunne ha ein totalkostnad på ca. 44.000.000 kroner.**

## 10.3 DRIFTSPLAN

Har skal me ha skisse til driftsplan ETTER innspel i styremøtet 14.12., så er Forprosjektet klart.

## **11 VEDLEGG**

- 1 SITUASJONSPLAN, 3 ALTERNATIVE PASSERINGAR**
- 2 PLANLØYSINGAR, 3 ALTERNATIV**
- 3 SNITT OG FASADAR**



-----0000000000000000-----



**VALLE/BYKLE, 9. DES. 2022**



**PLANKONTORET HALLVARD HOMME AS / BYKLE IDRETTSLAG**



**HALLVARD HOMME**  
*sign*

**OLAV MANDT**  
*sign*









Fasadar

Bykle Idrettslag  
Fleir brukshall



Alternativ 1

P-3038



04.11.2022







Plankontoret Hallvard Homme AS

Utskriftsformat:  
Målestokk:

A3  
Ca. 1:200









Planteikning, bakkeplan

Bykle Idrettslag  
Fleir brukshall



Alternativ 2 og 3

P-3038 04.11.2022



Planteikning, øvre plan


Bykle Idrettslag  
Fleir brukshall




Alternativ 2 og 3

P-3038

04.11.2022



MOT SØR AUST



MOT NORDVEST

Fasadar

Bykle Idrettslag  
Fleir brukshall



Alternativ 2 og 3

P-3038

04.11.2022



Plankontoret Hallvard Homme AS

Utskriftsformat:  
Målestokk:

A3  
Ca. 1:200